



Jobbnorge-ID: 115851
Søknadsfrist: Avsluttet
Nettside:
Omfang:
Varighet:

Professor/dosent i engelsk litteratur - st. nr. 27/2015

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærerutdanning, Ivar Asen-instituttet for språk og litteratur er det ledig stilling som professor/dosent i engelsk litteratur frå 1. mars 2016.

Instituttet tilbyr mellom anna årsstudium og fordjuping i engelsk språk og litteratur og engelskfaglege emne i grunnskuleutdanninga og i praktisk-pedagogisk utdanning.

Relevante arbeidsoppgåver er undervisning og rettleiing på dei litterære engelskemna i årsstudiet, fordjupingsstudiet, og i den profesjonsretta lærerutdanninga. Didaktisk kompetanse i form av publikasjonar og erfaring vil bli vektlagt.

Høgskulen i Volda ynskjer engelsk fordjuping som tilbod i ein GLU-master, og stillinga vil vere sentral i oppbygginga av eit slikt tilbod. Det er ein fordel om den som vert tilsett har erfaring frå undervisning i engelsklitterære emne i allmennlærerutdanning og /eller grunnskulelærerutdanning.

Til stillinga ligg både forskning og forskingsrettleiing. Ein ventar at søkjarar kan leggje fram planar for forskning innan engelsk litteratur og litteraturdydaktikk. Den som blir tilsett må kunne initiere og leie forskings- og utviklingsarbeid.

Den som blir tilsett må vere kompetent brukar av norsk og ha kjennskap til norsk lærerutdanning. Vi søker etter ein person som har gode samarbeidsevner, trives med å jobbe i team og er dyktig til å motivere kollegaer. Personlege eigenskapar vil bli vektlagt. Søkjarar kan bli innkalla til intervju og/eller prøveforelesing.

Stillingsomtale

Ivar Aasen-instituttet for språk og litteratur tilbyr årsstudium og fordjupingsstudium i engelsk språk og litteratur og engelskfaglege emne i grunnskuleutdanninga og i praktisk-pedagogisk utdanning. Til instituttet ligg også årsstudium i nordisk språk og litteratur, norskfaglege emne i lærerutdanningane, ein master i nynorsk skriftkultur, norsk for internasjonale studentar, samt etter- og vidareutdanningar i engelsk og norsk.

Stillinga skal bidra til å styrke forskning, formidling, undervisning og nettverksbygging i det engelskfaglege området på instituttet.

Den tilsette må kunne undervise på alle litteraturfaglege emne i engelsk på alle nivå ved Høgskulen i Volda, frå årsstudium/GLU til framtidig mastergrad, i samarbeid med resten av kollegiet. Den som vert tilsett vil likevel få eit særleg ansvar for å planlegge og drive masteremna. Han/ho vil få ansvar for rettleiing av masteroppgåver i litteratur og litteraturdydaktikk, og ved behov også rettleiing av bacheloroppgåver, og oppgåver på lågare nivå.

Sentrale fagfelt for engelskseksjonen sine fordjupingsemne er mellom anna adaptasjonsstudier og litterær- og kulturell analyse, og desse er også relevante for framtidige masteremne.

Den som blir tilsett, må kunne bidra til å utvikle engelskfaget i forskning og formidling på nasjonalt og internasjonalt nivå, også innanfor lærerutdanning.

Til stillinga søker vi ein person med omfattande engelskfagleg, inkludert fagdidaktisk kompetanse. Vedkomande må ha dokumentert evne til å initiere, skrive prosjektsøknader og leie forskings- og utviklingsarbeid. Det blir lagt vekt på at den som blir tilsett har evne til å bygge internasjonale nettverk som kjem institusjonen til gode. Den som vert tilsett, må vere kompetent brukar av norsk.

Engelskseksjonen ventar at tilsett professor/dosent har sitt daglege arbeid på høgskulen.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spele mangfaldet i folket. Høgskulen praktiserer moderat kjønnskvolterering.

Tilsetjing skjer på dei vilkår som følgjer av lov om offentlege tenestemenn, regulativ, reglement og instruksar som til kvar tid gjeld for stillinga, mellom anna lovfesta innskot i Statens pensjonskasse, for meir informasjon sjå www.spk.no

Stillinga er lønt i statens lønsregulativ, lønsplan 17.510, stillingskode 1013 professor, ltr. 68-101.

Søknadsfrist: 1. september 2015

Kontaktpersonar

Vibeke Jensen, seksjonsleiar for engelsk: vjensen@hivolda.no, tlf. 70 07 54 36

Arne Myklebust, dekan ved Avdeling for humanistiske fag og lærerutdanning: arne.myklebust@hivolda.no, tlf. 70 07 50 95.

Krav til søknaden

Søklarane sine kvalifikasjonar vert vurderte av eit sakkunnig utval. Søknaden skal gje eit fullstendig oversyn over utdanning og tidlegare praksis og liste over vitenskaplege arbeid og formidlingsverksemd. I tillegg vert det bede om minst to referansar.

Søknaden vert vurdert med den informasjon som ligg føre elektronisk på: www.hivolda.no/stilling

Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at alle dokument/filer er lasta opp innan søknadsfristen. Vedlegg skal lastast opp som separate filer i eit format som kan leggjast ved elektronisk; PDF, PMG, JPEG, ODF, DOC. Dersom vedlegga samla overstig 15 MB, må dei komprimerast før dei vert lasta opp. Vedlegg må ha namn som samsvarar med innhaldet i filene.

Følgjande dokument/filer skal leggjast ved den elektroniske søknaden:

- rettkjende kopiar av vitnemål og attestar, desse skal vere samla i ei fil
- CV med liste over vitenskaplege arbeid
- mastergradoppgåve/hovudfagoppgåve

- inntil 15 aktuelle vitskapelege arbeid

I samsvar med offentleglova § 25 kan opplysningar om søkjaren bli unnatekne i offentlig søkerliste. Søklarar som ønskjer å reservere seg må under «Søknad» krysse av for «*Er det grunnlag for å bli unntatt offentlighet, jmfør Offentlighetsloven*» og grunngje søknaden. Høgskulen kan likevel avgjere at namnet på søkjaren skal offentliggjeraast. Søkjaren vert varsla dersom oppmodinga ikkje blir teken til følge.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: